



Arkivnr: 2015/943-47

Saksbehandlar: Hans Inge Gloppen

**Saksframlegg**

## **Saksgang**

### **Selskapskontroll av Hardanger AKS AS - oppfølging av revisjonsrapport**

#### **Samandrag**

Deloitte har gjennomført ein selskapskontroll av Hardanger AKS (tidlegare Storholmen VTA AS). Rapporten vart bestilt av kontrollutvalet i Kvam herad og kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune. Fylkeskommunen er omtala i rapporten både som eigar av selskapet og som tenestekjøpar/oppdragsgjevar. Fylkestinget handsama rapporten frå selskapskontrollen av Hardanger AKS 14. juni 2016, og vedtok der to punkt som dei bad fylkesrådmannen følgje opp. Fylkesrådmannen vart bedt om å utarbeide ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2016 som viser korleis dei fem tilrådingane i rapporten skal setjast i verk. Denne saka presenterer handlingsplanen.

#### **Forslag til innstilling/vedtak/avgjerd**

Kontrollutvalet tek revisjonsrapporten etter selskapskontrollen i Hardanger AKS AS til orientering, og vedtar handlingsplanen som er lagt til grunn for å følgje opp tilrådingane i rapporten.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 23.09.2016

### Bakgrunn

Deloitte har gjennomført ein selskapskontroll av Hardanger AKS (tidlegare Storholmen VTA AS). Rapporten vart bestilt av kontrollutvalet i Kvam herad og kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune. Fylkeskommunen er omtala i rapporten både som eigar av selskapet og som tenestekjøpar/oppdragsgjevar. Sjølv om fylkeskommunen har vedteke å ha ei mindre aktiv rolle som eigar, meiner revisjonen det likevel er viktig at fylkeskommunen som eigar sikrar tilstrekkeleg oppfølging av at selskapet har ei drift som er i samsvar med føringar og krav til selskapet. Revisjonen har i denne samanheng peika på at slik oppfølging gjerne kan gjerast i samarbeid med andre eigarar og meiner det er uheldig at fylkeskommune har valt å ikkje følgje meir aktivt opp førespurnaden frå Kvam herad om å slutte seg til ein felles eigarstrategi for selskapet. Hordaland fylkeskommunen har heller ikkje i tilstrekkeleg grad sørga for at avtalen som er inngått mellom fylkeskommunen og selskapet når det gjeld praksisplassar for elevar i vidaregåande skule blir etterlevd. Manglande formell avtalefesting av omfang og arbeidsbrøk for den enkelte elev gjer at oppfølging og betaling for praksisplassane ikkje er underlagt tilstrekkeleg kontroll, noko som ikkje er i samsvar med avtalen mellom fylkeskommunen og selskapet.

Med bakgrunn i revisjonen sine vurderingar tilrår revisjonen at Hordaland fylkeskommune:

1. Vurderer å stille krav til styra om å gjennomføre styreevalueringar, kompetansevurderingar, utarbeide årlig plan, styreinstruks og instruks for dagleg leiar.
2. Vurderer å sende fylkeskommunen si eigarmelding og eigarstrategiar til selskapa fylkeskommunen har eigarskap i, slik at fylkeskommunen sine rutinar for eigarstyring er kjent for selskapa.
3. Vurderer å slutta seg til eigarstrategien til Kvam herad
4. Sørger for at krava i den generelle avtalen som er inngått mellom Hordaland fylkeskommunen og Hardanger AKS blir etterlevd. Under dette sørge for at det blir inngått elevkontraktar mellom skulen og selskapet, og at selskapet dokumenterer eleven sin arbeidspraksis i tilstrekkeleg grad før fylkeskommunen betaler for praksisplassen.
5. Formaliserer forventingar og krav til selskapet vedrørende oppfølging av elevane og korleis selskapet skal rapportere til skulen om til dømes manglande oppmøte og liknande.

Fylkestinget handsama rapporten frå selskapskontrollen av Hardanger AKS 14. juni 2016, og vedtok der to punkt som dei bad fylkesrådmannen følgje opp og to punkt som dei bad styret følgja opp. Fylkesrådmannen vart bedt om å utarbeide ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2016 som viser korleis dei fem tilrådingane i rapporten skal setjast i verk. Denne saka presenterer handlingsplanen som er knytt til dei to punkta i første del av vedtaket. Dei to neste punkta i andre del av vedtaket gjeld styret si oppfølging av selskapet. Dette er ikkje teke med i saka, sidan dette er ei oppgåve for selskapet sitt styre.

### Tidlegare handsaming

Vedtak i Fylkestinget 14. juni 2016:

*På bakgrunn av selskapskontroll av Hardanger AKS AS ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å*

1. *Setje i verk tiltak i tråd med dei 5 tilrådingane frå Deloitte som går fram av punkt 9 i rapporten.*
2. *Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

*På bakgrunn av selskapskontroll av Hardanger AKS AS ber fylkestinget styret syta for å:*

1. *Setje i verk tiltak i tråd med dei 16 tilrådingane frå Deloitte som går fram av punkt 9 i rapporten.*
2. *Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

## Handlingsplan og tiltak

Med dette vedtaket presenterer fylkesrådmannen følgjande handlingsplan for å følgje opp tiltaka:

| <b>Handlingsplan og tiltak for å følgja opp selskapskontrollen av Hardanger AKS</b>                                                                                                                                                                                                                                                            |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |                                                                                |                                               |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------|
| <b>Oppfølgingspunkt</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        | <b>Handling/Tiltak</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             | <b>Ansvar</b>                                                                  | <b>Frist</b>                                  |
| 1. Vurderer å stille krav til styra om å gjennomføre styreevalueringar, kompetansevurderingar, utarbeide årleg plan, styreinstruks og instruks for dagleg leiar.                                                                                                                                                                               | Syte for at styret utarbeider årleg plan, styreinstruks og instruks for dagleg leiar.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              | Hordaland fylkeskommune sin representant på generalforsamlinga i Hardanger AKS | Generalforsamling i Hardanger AKS AS mai 2017 |
| 2. Vurderer å sende fylkeskommunen si eigarmelding og eigarstrategiar til selskapa fylkeskommunen har eigarskap i, slik at fylkeskommunen sine rutinar for eigarstyring er kjent for selskapa.                                                                                                                                                 | Hordaland fylkeskommune er i gong med å utarbeida ny eigarskapsmelding for 2016. Når den er vedtatt av fylkestinget i desember 2016 skal den gjerast kjent for alle selskapa fylkeskommunen har eigarskap i.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       | Regionalavdelinga ved seksjon for næring og lokalsamfunnsutvikling             | Januar 2017                                   |
| 3. Vurderer å slutta seg til eigarstrategien til Kvam herad                                                                                                                                                                                                                                                                                    | Kvam heradsstyre sin «Eigarstrategi 2015-Hardanger AKS AS» skal gjerast kjent for politisk- og administrativ nivå i Hordalandfylkeskommune.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        | Regionalavdelinga ved Seksjon for næring og lokalsamfunnsutvikling             | Fylkestinget desember 2016                    |
| 4. Sørger for at krava i den generelle avtalen som er inngått mellom Hordaland fylkeskommunen og Hardanger AKS blir etterlevd. Under dette sørge for at det blir inngått elevkontraktar mellom skulen og selskapet, og at selskapet dokumenterer eleven sin arbeidspraksis i tilstrekkeleg grad før fylkeskommunen betaler for praksisplassen. | <ul style="list-style-type: none"> <li>Den vidaregåande skulen eleven går på, har det administrative og faglege ansvaret for arbeidspraksisen.</li> <li>Den vidaregåande skulen søker plass i bedrifta for den einskilde elev.</li> <li>Skulen og bedrifta skal ha tett samarbeid om eleven.</li> <li>Den vidaregåande skulen har ansvar for å konkretisere opplæringsmåla.</li> <li>For kvar elev skal det ved oppstart skrivast ein standard elevkontrakt i tre eksemplar som eleven, bedrifta og skulen signerer. Hardanger AKS AS skal sende kopi av underskriven kontrakt til Opplæringsavdelinga i Hordaland Fylkeskommune ved oppstart.</li> <li>Hardanger AKS AS har ansvaret for å utarbeide ein skriftleg rapport etter avslutta arbeidspraksis om eleven si arbeidsevne og sosiale fungering. Rapporten skal sendast til den vidaregåande skulen med kopi til opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune.</li> </ul> | Opplæringsavdelinga ved seksjon for skule                                      | Årlege fristar som følgjer skuleåret          |
| 5. Formaliserer forventingar og krav til selskapet vedrørende oppfølging av elevane og korleis selskapet skal rapportere til skulen om til dømes manglande oppmøte og liknande.                                                                                                                                                                | Refusjonkrav for hausthalvåret må sendast innan 1. desember, og for vårhalvåret innan 1. juli. Rapport frå arbeidsutprøvinga og oversikt som viser frammøtte dagar og fråvær skal leggjast ved refusjonskravet                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     | Opplæringsavdelinga ved seksjon for skule                                      | 1. desember og 1. juli.                       |

## Utfyllande kommentarar

Fylkesrådmannen har i revisjonsprosessen signalisert at problemstillingane som Deloitte har påpeika skal takast med i den vidare dialogen med Hardanger AKS AS, og i samband med utviklinga av eigarskapsforvaltninga inkludert eigarstrategiar, opplæring av styremedlem og forventningar til selskap Hordaland fylkeskommune eig (ephorte: 2016/6554). Det er i den samanheng trong for noko utfyllande tekst til nokre av tiltaka.

### Styreinstruks og instruks for dagleg leiar

I interkommunale selskap, kommunalt foretak, samvirkeforetak eller andre selskapsformar, er det ikkje krav til styreinstruks. Sjølv om det ikkje er pålagt å ha styreinstruks i slike selskap, bør styret likevel vurdere å utarbeide retningslinjer for sitt arbeid. Både for å gi ein oversikt over styret sine oppgåver og arbeidsform i det konkrete selskapet, men også for å regulere andre forhold som mellom anna habilitet, lojalitet og ansvar i styrearbeidet. Aksjelova har reglar om kva ein styreinstruks skal innehalda. Det er styreleiar som set i gong prosessen med å utarbeida styreinstruks, og vedkommande bør også sjå til at styreinstruksen med jamne mellomrom blir gjennomgått og ev. endra. Eit godt tidspunkt er etter val av nye styremedlemmer.

### Kvam heradsstyre sin «Eigarstrategi 2015- Hardanger AKS AS»

Eigarane av Hardanger AKS er: Kvam Herad 45,5 %, Hordaland fylkeskommune 36,4 %, Samnanger Kommune 9,1 % og Kvam lag av NFU 9,1 %. Kvam heradsstyre har i sitt møte 24.03.2015 gjort følgjande vedtak i saka om «Eigarstrategi 2015- Hardanger AKS AS»:

#### Formål og overordna rammer

- a. Kvam herad ynskjer å vera med å styra utviklinga i Hardanger AKS as (Hardanger AKS) fordi selskapet er ei viktig verksemd for heradet.
- b. Verksemda skal gje innbyggjarar som treng tilpassa arbeidsplassar eit godt og meningsfylt tilbod. Verksemda skal vera ei bru over til arbeidslivet slik at flest mogelege kan ha eit godt arbeid til glede og nytte for seg sjølv og samfunnet.
- c. Hardanger AKS skal ha ei demokratisk forankring i eigarkommunane.
- d. Hardanger AKS skal vera sikra nødvendige verkemiddel og legitimitet for å kunna utføra sitt oppdrag. Rammevilkår gitt av eigar skal vera trygge og langsiktige.

Kvam herad forventar at det vert etablert eigarmøte som fast dialogarena mellom eigarar og selskap. Kvam herad møter med same representant som til generalforsamling. Hordaland fylkeskommune bør, etter fylkesrådmannen si meining, slutta seg til denne eigarstrategien.

### Avtalen som er inngått mellom Hordaland fylkeskommunen og Hardanger AKS

Det er inngått avtale mellom Hordaland fylkeskommune og Hardanger AKS om arbeidspraksis for elevar i vidaregåande skule for skuleåret 2015/2016. I avtalen er det mellom anna stilt krav om:

- Måla i den individuelle opplæringsplanen til eleven er retningsgjevande for arbeidspraksisen. Den vidaregåande skulen har ansvar for å konkretisere opplæringsmåla. Hardanger AKS forpliktar seg til å følgje opp måla i den individuelle læreplanen til eleven.
- For kvar elev skal det ved oppstart skrivast ein standard elevkontrakt i tre eksemplar som eleven, bedrifta og skulen signerer. Hardanger AKS skal sende kopi av underskriven kontrakt til Opplæringsavdelinga i Hordaland Fylkeskommune ved oppstart.
- Hardanger AKS har ansvaret for å utarbeide ein skriftleg rapport etter avslutta arbeidspraksis om eleven si arbeidsevne og sosiale fungering. Rapporten skal sendast til den vidaregåande skulen med kopi til opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune. Alle refusjonskrav skal sendast til Hordaland fylkeskommune. Rapport frå arbeidsutprøvinga og oversikt som viser frammøtte dagar og fråvær skal leggjast ved refusjonskravet.

I samanheng med ny avtale for skuleåret 2016/2017 meiner fylkesrådmannen at det er behov for ein ny gjennomgang av avtaleverket for å ta høgde for tilrådingane i revisjonsrapporten.